

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 16/559-1

### Forprosjekt - Strategi for lokalitetstilpassa blåskjelproduksjon i Sogn og Fjordane

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

#### Fylkesdirektøren for næring rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Føresetnadane for produksjon av matskjel har endra seg, m.a. lokalisering av eigne matskjellokalitetar i Dalsfjorden, underdekning av blåskjel i ein veksande marknad, høg salspris til produsent og eit etablert og velfungerande mottaksapparat. Dette gjer det aktuelt å teste ut ny produksjonsmetode for blåskjel basert på dei gode føresetnadane vi har i fylket.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune vil finansiere forprosjektet «Strategi for lokalitetstilpassa blåskjelproduksjon i Sogn og Fjordane» gjennom Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Det vert løyvd kr. 300 000 til dette føremålet. Fylkesdirektøren for næring set nærmare vilkår i eige tilskotsbrev.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

#### Vedlegg:

- 1 Forprosjektplan «Strategi for lokalitetstilpassa blåskjelproduksjon i Sogn og Fjordane»

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- 1 Vedtekter Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Innspel frå Ariel Seafood AS, som er den einaste attverande blåskjelprodusenten i Sogn og Fjordane, seier at sjølv om marknadstilgangen for blåskjel no er betre enn nokon gong, er tilgang til nok blåskjel-yngel eit stort problem med tanke på å auke produksjonen på eksisterande produksjonslokalitetar.

I ei tidlegare satsing på blåskjel her i fylket (SAMS-prosjektet), lanserte ein ideen om eigne lokalitetar for produksjon av yngel. Dette var basert på prøvedyrking i indre deler av Sognefjorden, der ein har eit særst godt påslag av yngel på yngelsamlarane. Samstundes viste det

seg at desse lokalitetane var så påverka av toksinproduserande algar, at matskjelproduksjon her ikkje ville vere mogleg.

Før ein fekk testa ut ein metodikk basert på to ulike produksjonslokalitetar, ein for yngel og så vidare flytting for vidarevekst til matskjel på ein annan lokalitet, vart salsprisen på blåskjel så låg (under 2 kr/kg), at produksjon ikkje ville vere lønsam.

Det er denne produksjonsstrategien som no vil bli testa ut, i første omgang gjennom eit forprosjekt. Dersom dette gjev positive resultat, vil ein i neste omgang halde fram i eit hovudprosjekt med meir tydelig forskingsinnhald.

Grunnen til at dette no er aktualisert, er at det no er etablert eit mottaksapparat for blåskjel i Norge (Norgesskjell AS). Marknaden har underdekning på skjel, og mottaket kan inngå langsiktige leveringsavtaler med matskjelprodusentar til ein «god pris». Ved årsskiftet 2015-2016 var denne på kr. 8,50 pr. kg.

### Historikk - tidlegare vedtak

Sogn og Fjordane har tidlegare hatt fleire initiativ med tanke på å utvikle ei blåskjelnæring i fylket:

- NAM (North Atlantic Shellfish Management), Interreg-prosjekt 1999-2001.
- SAMS (Samordning av skjelnæringa I Sogn og Fjordane) 2001-2003

Det er fleire årsaker til at blåskjelnæringa ikkje klarte å bli kommersiell på 1990-talet. Utan å gå inn på djupare analyser, vil eg under liste opp nokre faktorar som var avgjerande i så måte:

- Dyrkarane hadde overdriven tru på at dette var lettente pengar, og kombinert med høg del offentleg stønad bidrog dette til sub-optimal innsats fordi det var lite å tape reint personleg.
- Dyrkarane var meir opptekne av kvantitet enn kvalitet.
- Viktige funksjoner mangla, slik som t.d. mottak, pakkeri og haustebåtar/flåtar og transport til marknaden. Ingen ville bygge mottak før ein visste det var nok biomasse til lønsam drift, og ingen ville satse på å dyrke store mengder skjel før ein visste at mottaksapparatet var på plass.
- Lite samarbeid og tillit mellom dyrkarane resulterte i låg grad av utveksling av kunnskap og kompetanse, lite samarbeide om innkjøp og felles bruk av produksjonsutstyr (cooperativ-tankegang) og dyrkarar kunne ofte tilby lågare prisa skjel enn «naboen» for å få seld sine skjel.
- Usikker tilgang til yngel på fleire lokalitetar og i fleire regionar.
- Liten fokus på marknaden ein skulle presentere varene sine på, dyrkarane hadde nok med dyrkingsteknologi og utstyrsutvikling. Marknad for norske skjel var så å seie fråverande.
- Liten tanke på at ein skulle levere biomasse, og ikkje nisjeprodukt. Det er store volum som gjeld for å halde kostnadsnivået (med norske priser) på eit nivå der ein kunne gå med overskot. Dette krev ei meir industriell tilnærming enn å sjå på dette som ei lettvinnt attåtnæring.
- Til dels høgt innslag av toksiske algar som førte til at skjel dei fleste stader berre kunne haustast i visse periodar på året. Testar som var dyre å gjennomføre, og ikkje klar internasjonal standard og/eller praksis for alle dei ulike toksina.

### Sentrale problemstillingar

Blåskjel er på eit lågt trinn i næringskjeda, og har eit stort potensiale for å bidra til vekst og verdiskaping langs Norskekysten. Men for å utnytte dette må det utviklast nye konsept og tilpassa teknologi for å automatisere dyrkingsprosessen tilpassa lokalitetar i våre fjordar. Etter ei periode på 1980 og -90-talet med stor optimisme og mange aktørar i blåskjelnæringa, har den nærast lege nede med knekt rygg i fleire år. Berre eit fåtals aktørar er att, og produksjonen er låg. I 2014 vart det rapportert inn 2000 tonn selde blåskjel i heile Norge, talet har vore stabilt dei seks siste åra (Kjelde: Fiskeridirektoratet: *Nøkkeltall frå norsk havbruksnæring 2014*).

Slik marknaden er i dag, er utfordringa for mottaket å skaffe seg nok råvarer (dvs. matskjel). For vår matskjelprodusent i Dalsfjorden i Fjaler er hovudutfordringa å få tilstrekkeleg tilgang til yngel. Det er denne problemstillinga forprosjektet vil forsøke å løyse med å nytte lokalitetar i Lustrafjorden for produksjon av yngel.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Kvifor kan blåskjel igjen vere aktuelt for Sogn og Fjordane?

Det er fleire faktorar som gjev grunn til optimisme med tanke på å utvikle ei blåskjelnæring i Sogn og Fjordane no:

- Først og fremst etablert eit mottaksapparat for blåskjel med aktør som er villig, også på lengre sikt, til å ta imot større mengder skjel til ein gunstig pris for produsenten. Det er altså opparbeidd ein marknad som ynskjer blåskjel gjennom «heile året».
- Ariel Seafood AS er ein erfaren aktør som har vore i bransjen og overlevd i 15 år og som er viljug til å satse vidare. Ved å utvikle kunnskap om dyrkingsrutinar og sine lokalitetar har desse tileigna seg nytting kompetanse gjennom dyrking i liten skala.
- Lokalitetar for dyrking og hausting av giftfrie matskjel store deler av året.
- Ny kunnskap om algetoksin har resultert i endra maksimumsgrenser for når ein kan hauste matskjel. Mange av grenseverdiane ligg i dag under det som var gjeldane for 15-20 år sidan.
- Fylket har fleire store fjordar som gjennom ordninga med «Nasjonale laksefjordar» har fått bandlagt areal der ein ikkje kan produsere laks eller aure. Dette gjer det aktuelt å få fram arbeidsplassar basert på andre marine artar i desse områda.

### Kort om innhald og organisering av forprosjektet

Det er utvikla ein forprosjektplan med slikt resultatmål:

*Forprosjektet skal teste ut ein produksjonsstrategi som inneber å nytte særskilde lokalitetar for innsamling og påvekst av yngel, og vidare flytting av yngel til lokalitetar for produksjon av matskjel. Basert på denne metodikken skal ein gjennomføre ei økonomiske analyse for å sjekke om denne metoden er økonomisk berekraftig.*

Delmål og aktivitetar er nærare omtalt i vedlagt prosjektplan. Næringsavdelinga er styringsgruppe for prosjektet. Ein nyttar vidare ein konsulent frå Segel AS som prosjektleiar, og Segel AS skal også gjennomføre delprosjekt 3 *Analyse av det økonomiske potensialet for denne produksjonsstrategien*. Anne aktivitet skal gjennomførast av aktørane Ariel Seafood og Norgesskjell. Det ligg ein stor grad av eigeninnsats frå aktørane i dette forprosjektet.

### Finansiering

Ein har drøfta ulike modellar for finansiering, mellom anna med Norgesskjell og Luster kommune. Ein vil likevel gå for ein modell der ein søker forprosjektet finansiert gjennom Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Dei andre aktørane ein har drøfta finansieringsutfordringane med, har signalisert at dei vil ynskje å delta i eit hovudprosjekt om dette vert aktuelt. Det er i dag meir enn fire millionar att på fondet som i følge vedtektene primært skal nyttast til prosjekt som bidreg til ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i fylket.

## **3. Konklusjon**

Sogn og Fjordane har tidlegare hatt fleire initiativ med tanke på å utvikle ei blåskjelnæring i fylket, utan at ein så langt har lukkast i dette. No er likevel føresetnadane endra seg, m.a. lokalisering av eigne matskjellokalitetar i Dalsfjorden, underdekning av blåskjel i ein veksande marknad og eit etablert og velfungerande mottaksapparat.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil finansiere forprosjektet gjennom Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Det vert løyvd kr. 300 000 til dette føremålet.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑